

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Arngunna Haga	FA - F30	15/2304

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
34/2016	Formannskapet	PS	20.04.2016
35/2016	Kommunestyret	PS	27.04.2016

## Busetting av einslege mindreårige flyktingar 2016 og 2017

### Vedlegg:

Oppmoding om busetting av flyktingar i 2016 - Meland kommune

Busetting av flyktingar

Rundskriv 01 2015 - Integreringstilskudd for år 1 og år 2-5 i 2015

Oppmoding om busetting av flyktingar

Busetting av flyktingar med bakgrunn i dagens flyktingkrise

KS sak 57.2014 Busetting flyktingar 2014-2017

NOTAT - Busetting av flyktingar

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Vi viser til brev frå fylkesmannen i Hordaland datert 20.11.15 om flyktningssituasjonen i dag og trong for auka busetting av flyktingar og ein auka prioritering av busetting av einslege mindreårige i kommunane.

Meland kommune vert no oppmoda om å auke tal på flyktingar som skal busetjast utover gjeldande ramme/måltal som er gjeve i kommunestyret sak 15/2304: Busetting av flyktingar.

#### Status

- a. Meland kommune busette 30 flyktingar i 2015 i tråd med vedtaket i kommunestryret.
- b. Måltalet for 2016 er å busetje 30 flyktingar. Vi har til no busssett kun 1 flyktning. Grunnen til at det ikkje er busssett fleire i år, er fordi det sit mange i mottak, men dei har ikkje fått vedtak om opphold og er difor ikkje bussettingsklare. I tillegg er det kome 1 barn og 1 vaksen til Meland på familiegjenforening.

### Vurdering

Meland kommune har vedtak på at det skal busetjast 30 flyktingar kvart år 2016 og 2017 og for 2018 og 2019 er det vedtatt at Meland kommune skal busetje 25 kvart år. Nye oppmodingstal frå Integrerings- og Mangfoldsdirektoratet (IMDI) er at Meland kommune vert oppmoda om å busetje 35 flyktingar totalt i 2016 der 10 av desse er mindreårige flyktingar. Vidare vert Meland oppmoda om

å busetje 40 flyktningar i 2017 der 16 er mindreårige flyktningar.

I desember 2015 opplyste IMDI i brev til alle kommunar at det i 2016 blir trong for å busetje omlag 4400 einslege mindreårige flyktningar, der ca. 900 av disse er under 15 år. Busettingstala for 2016 er no nedjustert til 2700 einslege mindreårige på landsbasis (opplyst på møte hos fylkesmannen 06.04). Det er vel 100 born under 15 år som skal busetjast i region vest i 2016. Det vert antyda at tala for 2017 med bustting av 7000 einslege mindreårige ligg fast.

Einslege mindreårige er ei fellesnevning på alle born og unge under 18 år som kjem til landet utan foreldre eller andre vaksne med foreldreansvar i Norge. Dette inkluderer og dei som kjem til landet i følgje med andre vaksne, f.eks tante, onkel, men som ikkje er deira foreldre.

Einslege mindreårige som er mellom 15-18 år når dei kjem til Norge og søker asyl får tilbod om å bu på asylmottak for einslege mindreårige i regi av Utlandingsdirektoratet(UDI). Dei som er under 15 år får tilbod om plass på eit omsorgssenter for mindreårige i regi av Barne- ungdoms- og familietaten(Bufetat). Dei som får opphold skal snarast råd busetjast i ein kommune.

I følge IMDI er det mange barn under 15 år som sit i omsorgssenter og ventar på å få busetjingskommune, og Bufetat oppmodar kommunane til å prioritera dei yngste i busetjingsarbeidet då det er særleg uheldig for dei å bu på omsorgssenter over lengre tid.

Gode bu og omsorgstiltak må leggja vekt på å gje einslege mindreårige gode, forutsigbare og trygge oppvektsvilkår på lik linje med andre barn og unge i kommunen. Målet er at dei skal bli i stand til å ta vare på seg sjølv og bli ansvarlege samfunnsborgarar. Målet forutset at arbeidet med å busetje einslege mindreårige flyktningar vert forankra i heile kommunen.

Ei gjennomgåande utfordring i busettingsarbeidet med einslege mindreårige er at det er vanskeleg å kartlegga behova hjå den enkelte før busetjinga, samtidig som det er vanskeleg å endra butiltaket etter at busettinga har funne stad, dersom det er behov for det.

Då mange einslege mindreårige er i ein sårbar situasjon er det lett å tenkja at dei vil ha stort behov for kontakt med vaksne. Det er også viktig å vera seg bevisst at mange av desse ungdomane har teke vare på seg sjølv i lang tid. Det er her viktig å finna ein balansegang.

Fleire kommunar som har lang erfaring med busetting av einslege mindreårige, peikar på behovet for å ha eit differensiert og fleksibelt butiltak. Kartlegging av kvar enkelt sine behov når dei bur på mottak er vanskelig fordi konteksten på mottaket er så ulik den ungdomen vil møta ut i kommunen. Det er difor meir naturleg å tenkja at det vil bli behov for å justera butiltaket til ungdomen undervegs. Ei kjede av tiltak er derfor ei løysing som er meir realistisk vil fungera i praksis.

Det er fleire butiltak med ulik grad av oppfylging som er aktuelle frå fosterheim for dei yngste til hyblar/kollektiv med tilsyn for dei eldste. Kva som er rett «omsorgsnivå» vil avhenge av behovet til den enkelte.

Det er eit ynskje at dei yngste får tilbod om fosterheim. Vidare er det ei rekke kommunar som har erfaring med å etablere små bufellesskap med tett oppfylging. Det vil seie 4-5 ungdommar i bustad, med tilsette i turnus. For dei eldste i gruppa einslege mindreårige er det vanleg med små bufellesskap med noko oppfylging eller hybelvertiltak.

Det må vera eit hovudmål at ungdomane får raskt hjelp når dei er busette i kommunen. Å få ein tilnærma normal kvardag snarast mogleg er svært viktig for desse borna. Mange har vore gjennom store fysiske og psykiske traume. Dei har opplevd krig, vald og flukt. Mange har stort sakn etter familie og vene, og samtidig er det viktig å huska på at dette er barn og ungdom med ressursar som ynskjer å vera lik alle andre. Desse barna har dei same grunnleggjande behov som norske barn som står utan foreldre. Mange er sårbare og dei treng å møte trygge vaksne der dei bur. Like viktig er det at dei møter trygge og gode vaksne på skulen, i nærmiljøet og i hjelpetenestene. Busetting av einslege mindreårige vil krevje god og koordinert innsats frå heile kommunen.

Vi opplever godt samarbeid og stort engasjement frå frivillige i lag og organisasjonar rundt busetting av flyktningane. Born og unge flyktningar er generelt sårbare, og einsleg mindreårige ekstra sårbare. Meland kommune vil samarbeida med frivillige om å finna gode løysingar for at borna og dei unge raskt skal føla seg godt tatt vare på, og inkludert i lokale aktivitetar. Meland kommune har eit rikt og mangfaldig kulturliv. Organisasjonslivet skapar aktivitetar på tvers av grupper, og er ein viktig arena for integrering.

Ein finn meir aktuell informasjon om dei ulike arbeidsoppgåvene relatert til busettingsarbeidet jamfør link [IMDI kommunenes arbeid med busetting av flyktningar](#)

## Økonomi

Kommunen mottek integreringstilskot som skal medverka til rask buseting. Integreringstilskotet skal gje ei rimeleg dekking av kommunane sine meirutgifter ved buseting og integrering frå busettingsåret og dei neste fire åra.

Integreringstilskotet skal mellom anna finansiera kommunen sine gjennomsnittlege utgifter knytt til flyktningkontorenester, sysselsettingstiltak, arbeidstrening, sosiale tenester, introduksjonsstønad, tolketenester, integreringstiltak i barnehage og skule, utgifter til kommunale helsetenester, kultur og ungdomstiltak osv. Kommunar som buset einslege mindreårige mottek i tillegg særskilt tilskot.

Stortinget fastset kvar år satsar for integreringstilskotet og for 2016 gjeld fyljande satsar for 1 året einslege mindreårige blir busett:

Integreringstilskot År 1. : 184 000

Særskilt tilskot pr EMF : 207 000

Tilleggstilskot for 2016 : 100 000

Totalt år 1: : 491 000

Særskilt tilskot vert differensiert etter når på året dei einslege mindreårige vert busett i kommunen. Vert dei til dømes busett i august, får kommunen utbetalt 125 372 i særskilt tilskot for 2016.

I tillegg til tilskota frå IMDI refunderer staten delar av utgiftene til kommunale barnevernstiltak for einslege mindreårige. Målet med den statlege refusjonsordninga er at einslege mindreårige asylsøkjarar og flyktningar som har behov for tiltak etter barnevernlova, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid, får trygge oppvekstvilkår og rask busetjing og integrering.

Refusjonsordninga trer i kraft etter ei konkret og individuell vurdering av om den einslege mindreårige har behov for barnevernstiltak jfr barnevernlova § 3-4, andre ledd.

Refusjonsordninga gjeld for barnevernstiltak etter barnevernlova §§ 4-4, 4-6, 4-8 og 4-12 og dekkjer utgifter i tråd med «Oppgave- og finansieringsansvaret mellom stat og kommune rundskriv Q-06/2007». Det er gjort særlege avklaringar med omsyn til nokon utgifter.

Refusjonsordninga gjeld ut frå kommunens sine nettoutgifter. Det vil seia at kommunen til dømes må ta omsyn til barnetrygd, bidragsforskot og eventuelt andre refusjonar frå til dømes NAV.

Rådmannen vurderer at dei tilskotsordningane som vi kjenner i dag skal kunne dekke dei utgiftene kommunen har dei første åra. Korleis dette vil sjå ut på sikt, utover dei første fem åra, avheng mellom anna av om kor godt den enkelte finn seg til rette og vi lukkast med busettingsarbeidet.

Rådmannen vurderer at arbeidet med busetting av einslege mindreårige i oppstarten bør organiserast som eit prosjekt. Prosjektgruppa skal i prosjektfasen koordinere busettingsarbeidet, setja i gong tiltak, utarbeide kriterier for butiltaka og definere grenseoppgangar mellom tiltaka og dei ulike tenestene.

I prosjektet skal det:

1. Avklarast organisatorisk og administrativ organisering av einslege mindreårige tiltak i Meland kommune
2. Val av butiltak for einsleg mindriger
3. Konsekvensar for andre kommunale tenester ved mottak av einslege mindreårige
4. Klargjere dei økonomisk tilhøva ved mottak av einslege mindreårige

## Konklusjon

Rådmannen rår til at Meland kommune aukar ramme/måltal for busetting av flyktningar i perioden 2016-2017 slik at ein for 2016 tek i mot totalt 35 flyktningar inklusiv 10 einslege mindreårige flyktningar. Vidare at ein for 2017 tek i mot totalt 40 flyktningar inklusiv 16 einslege mindreårige flyktningar. Det er ein føresetnad at kommunen klarer å etablere tilstrekkeleg tal bustader i perioden. Tilrådinga er tufta på samfunnsansvaret til Meland kommune med auka tilstrømming av flyktningar til landet der situasjonen er særskilt vanskeleg for dei einslege mindreårige.

## Framlegg til vedtak:

1. Måltal for busetting av flyktningar i 2016 skal vere samla 35 inklusiv 10 einslege mindreårige.
2. Måltal for busetting av flyktningar i 2017 skal vere 40 inklusive 16 einslege mindreårige.
3. Måltal for busetting av flyktningar i perioden 2018-2019 er 25 kvart år. Jamfør KS 97/2015.
4. Når det gjeld mottak av einslege mindreårige flyktningar får rådmannen ansvar for å etablere eit prosjekt som tek særskilt omsyn til tenesteorganisering, busettingsarbeid om omsorgsansvar for målgruppa.

5. Det er ein føresetnad for måloppnåing at kommunen jamfør punkt 1-4 klarer å etablere tilstekkelig tal bustader i tenlege bumiljø i perioden. I tillegg må kommunen nytte integreringstilskot til å sikre kapasitet i ulike tenestetilbod utifrå dei individuelle føresetnadene til flyktningane.
6. Meland kommune opprettheld prinsippvedtak i kommunestyret sak 108/12. Integreringstilskot skal til ei kvar tid øyremerkjast ressursbruk relatert til busettings- og integreringsverksemd.

### **Formannskapet - 34/2016**

#### **FS - behandling:**

Leiar NAV Arngunna Haga orienterte.

#### **Avrøysting:**

Framlegg til vedtak fekk **6 røyster for, (AP, H, SP, KrF; V), 1 røyst mot (FrP)**, og er såleis **vedteke**.

#### **FS - vedtak:**

1. Måltal for busetting av flyktningar i 2016 skal vere samla 35 inklusiv 10 einslege mindreårige.
2. Måltal for busetting av flyktningar i 2017 skal vere 40 inklusive 16 einslege mindreårige.
3. Måltal for busetting av flyktningar i perioden 2018-2019 er 25 kvart år. Jamfør KS 97/2015.
4. Når det gjeld mottak av einslege mindreårige flyktningar får rådmannen ansvar for å etablere eit prosjekt som tek særskilt omsyn til tenesteorganisering, busettingsarbeid om omsorgsansvar for målgruppa.
5. Det er ein føresetnad for måloppnåing at kommunen jamfør punkt 1-4 klarer å etablere tilstekkelig tal bustader i tenlege bumiljø i perioden. I tillegg må kommunen nytte integreringstilskot til å sikre kapasitet i ulike tenestetilbod utifrå dei individuelle føresetnadene til flyktningane.
6. Meland kommune opprettheld prinsippvedtak i kommunestyret sak 108/12. Integreringstilskot skal til ei kvar tid øyremerkjast ressursbruk relatert til busettings- og integreringsverksemd.

### **Kommunestyret - 35/2016**

#### **KS - behandling:**

#### **Avrøysting:**

Framlegg til vedtak fekk **25 røyster for, (6 AP, 5 H, 3 FrP, 3 Sp, 3 KrF, 2 V, 2 MDG, 1 BF)**, **1 røyst mot (AP)**, og er såleis **vedteke**.

**KS - vedtak:**

1. Måltal for busetting av flyktningar i 2016 skal vere samla 35 inklusiv 10 einslege mindreårige.
2. Måltal for busetting av flyktningar i 2017 skal vere 40 inklusive 16 einslege mindreårige.
3. Måltal for busetting av flyktningar i perioden 2018-2019 er 25 kvart år. Jamfør KS 97/2015.
4. Når det gjeld mottak av einslege mindreårige flyktningar får rådmannen ansvar for å etablere eit prosjekt som tek særskilt omsyn til tenesteorganisering, busettingsarbeid om omsorgsansvar for målgruppa.
5. Det er ein føresetnad for måloppnåing at kommunen jamfør punkt 1-4 klarer å etablere tilstekkelig tal bustader i tenlege bumiljø i perioden. I tillegg må kommunen nytte integreringstilskot til å sikre kapasitet i ulike tenestetilbod utifrå dei individuelle føresetnadene til flyktningane.
6. Meland kommune opprettheld prinsippvedtak i kommunestyret sak 108/12.  
Integreringstilskot skal til ei kvar tid øyremerkjast ressursbruk relatert til busettings- og integreringsverksemد.